

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Mari Emilie Pettersen Hagenlund	FA-S11	19/280

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2022	Kommunestyret	PS	20.01.2022

Høyringsuttale Vilårsrevisjon Modalsvassdraget

Forslag til vedtak:

Dokumentet svarer på kommentarar frå regulant på tidlegare innsendte krav til vilårsrevisjon og tar opp dei tema som er viktige for kommunen. Kommunestyret i Modalen vedtek høyringsuttale med vedlagt kravdokument slik det ligg føre.

Dokumentet svarer på kommentarar frå regulant på tidlegare innsendte krav til vilårsrevisjon og tek opp dei tema som er viktige for kommunen. Kommunestyret i Modalen vedtek høyringsuttale med vedlagt kravdokument slik det ligg føre, med desse tilleggga og endring:

Modalen kommune motset seg at vilkår 19 b og e i vilkår frå 1975 vert teke vekk, slik det vert føreslege i revisjonsdokumentet. Vilkår 19 skal oppretthaldast i sin heilskap og konsesjonseigar må følgje opp gjeldande konsesjon.

Modalen kommestyre ber politisk leiing og administrasjon gå i dialog med konsesjonseigar med grunnlag i rapport, Utreiding av fisketrapp i Modalselva frå Multiconsult, med omsyn til oppfølging av vilkår 19. i gjeldane konsesjon.

Modalen kommune støttar innspel frå villreinnemda: Påpeikar moglege verknader av dei eksisterande inngrepa som saman med turstiar mm kan ha innskrenka villreinen sin moglegheit til å utnytte leveområdet. Ei eiga fagutgreiing for villrein som faktagrunnlag i revisjonen, lyt sjå på villreinområdet i sin heilskap for å avklare kva påverknad kraftutbygging har hatt på reinen.

Modalen kommune fråfell krav 76 om at vegen opp Hellandsdalen skal vedlikehaldast av regulant.

Kommunestyret gjev ordførar mynde til å følgje opp nye innspel som kjem inn etter høyringsfrist 01.feb 2022. Kommunestyret skal orienterast om evt nye innspel i kommunestyremøte

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I 2019 fremma Modalen kommune krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Steinslands-/Modalsvassdraget i samband med revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget. Hovudformålet med ein revisjon er å betre miljø- og naturforhold ved å avbøte ulemper og negative verknadar av kraftverksutbygginga. Revisjonen opnar for å vurdere til dels endring i manøvreringspraksis, minstevasslipp og biotopjusterande tiltak.

I løpet av høyringsperioden kom Modalen elveeigarlag med innspel som tok opp fleire tema knytt til vassmiljø i Modalselva, i hovudsak knytt til laks og sjøaure. Deira innspel er god utgreidd og gir eit godt grunnlag som er viktig å ta med seg. Administrasjonen stiller seg bak desse krava, med bakgrunn i at kommunen er opptatt av at arbeidet med re-etablering av laks og betring av levevilkår i vassdraget skal lukkast. I tillegg kom Modalen kommune med fleire egne innspel til krav.

På førespurnad frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeida Modalen kommune saman med kommunane Voss, Vaksdal, Vik og Kvam eit felles kravdokument for alle vassdraga. Dokumentet med krav om revisjon har fokusert på allmenne interesser som leveforholda til laks og sjøaure, villrein og evt. andre truga arter/ bestandar som skulla ha fokus i ein revisjon. I tillegg har t.d. tilhøva for friluftsliv og reiseliv vore aktuelle tema.

Den 06.07.21 vart revisjonsdokumentet for Steinslands- og Modalsvassdraget sendt på høyring frå NVE med frist for innspel til revisjonsdokumentet satt til 01.11.21. Modalen kommune søkte om utsetjing til den 14.11.21 og ved ein seinare anledning vart det søkt om ytterlegare utsetjing til 01.02.21. Etter høyringsfristen er ute skal NVE ta endeleg stilling til dei framstilte krava.

Modalen kommune har engasjert Multiconsult AS v/Morten Kraabøl til å utgreie laksetrappa i Hellandsfossen og utarbeide ein rapport som tek for seg moglege forbetringar. Rapporten vil bli ettersendt høyringsuttalen til vurdering etter avtale med NVE. Modalen kommune ynskjer at moglege forbetringar av fisketrappa framstilt i rapporten vert ein del av krava til vilkårsrevisjonen slik at forholda for opp- og nedvandring av laks og sjøaure vert forbetra.

Konklusjon

Modalen kommune har gjennomgått revisjonsdokumentet med svar på høyringsinnspel frå regulant. Kommunen i samarbeid med Modalen elveeigarlag veljar å oppretthalde alle tidlegare innsendte krav til vilkårsrevisjonen samt framstille nye krav som har kome fram i løpet av høyringsperioden. I vedlagte dokument har Modalen kommune framsett sin prioriterte kravliste med kommentar frå regulant i vilkårsrevisjon samt kommunens svar på kommentarar frå regulant. I tillegg kjem rapporten som tek for seg relevante problemstillingar og moglege tiltak kring laksetrappa i Hellandsfossen.

Administrasjonen meiner at det utarbeidde dokumentet er godt og tek opp dei momenta som kommunen vil fremma. Kommunestyret i Modalen vedtek høyringsuttale med vedlagt kravdokument slik det ligg føre

Kommunestyret - 005/2022

KS - behandling:

Orientering om innspel til vilkårsrevisjon Steinslands-/Modalsvassdraget v/ Mari Hagenlund frå landbruk.

Kristin Nåmdal etterspurde kven som har ansvar for luke/laksetrapp som ikkje har fungert på 10 år. Etterspurde ordførar om rapport.

Linda Neset informerte om at mykje vart tydeleg i samband med kultiveringa som har funne stad dei senare åra. Det er såleis råd å stille fleire spørsmål til erfaringar som er gjort. Fleire forhold burde vore fanga opp på tidlegare tidspunkt.

Ordførar peika på at det er forhold ved vilkårsrevisjonen som er knytt til Modalen kraftlag og problemstillingar knytt til deira konsesjon. Linda Neset viste til at rapporten frå Multiconsult skil mellom konsesjon knytt til Eviny og Modalen kraftlag.

Håvard Engeseth viste til at konsesjonshavar bør oppretthalde og følge opp vilkåra i gjeldande konsesjon m.a. med omsyn til vedlikehald av m.a. trapp uavhengig av kva revidert konsesjon vil resultere i. Ordførar var samd i at det bør drøftast med regulant om å oppretthalde forplikingane også i påvente av ferdigstilling av vilkårsrevisjon. Kristin Nåmdal ba om at det snarast bør initierast dialog med regulant om å følge opp forplikingane, og at politisk leiing og administrasjonen får ansvar for dette.

Linda Neset viste til at Elveigarlaget ynskjer å stenge trappa for inneverane år før ho opnar - før oppvandring - for å unngå skade på fisk.

Forslag til vedtak frå Kristin Nåmdal: Ordførar og rådmann får i oppdrag å følgje opp rapport frå Multiconsult med regulant med føremål at regulant skal syte for å iverksetje og gjennomføre tiltak gitt innanfor gjeldande konsesjon. Rådmannen viste til at regulant fort kan komme med motsegn fordi ein no er i prosess om vilkårsrevisjon.

Ordførar problematiserte ansvar lagt på regulant i opprinneleg vilkår (frå 1975) og at dette ikkje må verte redusert med omsyn til pkt 19. Modalen kommun bør motsetje seg å erstatte desse punkta med standardvilkår. I tillegg har Villreinnemnda har peka på at det er behov for eiga fagutgreiing knytt til villrein. Modalen kommune bør støtte dette. Fristen for høyringa går ut 1. febr. 2022. Det er likevel råd å levere innspel undervegs etter denne datoen og fram til synfaring er gjennomført. Ordførar ber om at kommunestyret gjev han mynde til å samle inn og sende inn innspel som kjem etter 1. februar.

Linda Neset viste til vilkår 19 i Steinslandsvassdraget og at det vert presisert i kommunestyret sin uttale at heile dette punktet vert skiftleg formulert og sendt inn i samband med vilkårsrevisjonen.

Ole Kristian Øvre-Helland viste til vegen opp Hellsdalen og om Modalen kommune har hatt dialog med grunneigarar. Rådmannen orienterte om at det i tidlegare handsaming i kommunestyret vart tatt med punkt om oppgradering av nemnte private veg. Svaret frå BKK (no Eviny) var at dette ikkje er ein del av vilkårsrevisjonen. Ordførar gjennomførte avstemming av kven som ynskjer punktet fjerna. 9 stemmer for, 4 mot. Dei som stemte mot var Krstin Nåmdal, Roger Fure, Anne Britt Almelid og Sigrunn Birkeland.

Ordførar tok alternativt framlegg til vedtak opp til votering. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Dokumentet svarer på kommentarar frå regulant på tidlegare innsendte krav til vilkårsrevisjon og tek opp dei tema som er viktige for kommunen. Kommunestyret i Modalen vedtek høyringsuttale med vedlagt kravdokument slik det ligg føre, med desse tillegga og endring:

Modalen kommune motset seg at vilkår 19 b og e i vilkår frå 1975 vert teke vekk, slik det vert føreslege i revisjonsdokumentet. Vilkår 19 skal oppretthaldast i sin heilskap og konsesjonseigar må følgje opp gjeldande konsesjon.

Modalen kommestyre ber politisk leiing og administrasjon gå i dialog med konsesjonseigar med grunnlag i rapport, Utreiding av fisketrapp i Modalselva frå Multiconsult, med omsyn til oppfølging av vilkår 19. i gjeldane konsesjon.

Modalen kommune støttar innspel frå villreinnemda: Påpeikar moglege verknader av dei eksisterande inngrepa som saman med turstiar mm kan ha innskrenka villreinen sin moglegheit til å utnytte leveområdet. Ei eiga fagutgreiing for villrein som faktagrunnlag i revisjonen, lyt sjå på villreinområdet i sin heilskap for å avklare kva påverknad kraftutbygging har hatt på reinen.

Modalen kommune fråfell krav 76 om at vegen opp Hellandsdalen skal vedlikehaldast av regulant.

Kommunestyret gjev ordførar mynde til å følgje opp nye innspel som kjem inn etter høyringsfrist 01.feb 2022. Kommunestyret skal orienterast om evt nye innspel i kommunestyremøte

Vedlegg:

Kravdokument til svar på vilkårsrevisjon_10.01.22

Rapport laksetrapp Hellandsfossen